

# Utdanning for alle!



1. mai 2024

# Ein skule med plass til alle!

Hele oppveksten og byrjinga på vaksenlivet er dei aller fleste av oss i ei form for utdanning – frå eittårsalderen i barnehagen til vi går ut av vidaregåande, og mange også vidare til studium eller ut i læretid. Tallause timar av livet skal brukast på leik, læring og utdanning. Derfor er det heilt avgjerande at vi byggjer gode utdanningsinstitusjonar som motiverer til læring og rustar våre barn og unge for livet.

I dag er skulen rigga for dei mest ressurssterke – dei som har foreldre som kan hjelpe dei med lekser og sikrar at dei har med sunn og god mat på skulen, og som seinare kan hjelpe barna sine gjennom studiar. SV vil skape utdanningsinstitusjonar med rom for alle, uansett bakgrunn og korleis dei lærer best.

**For å skape gode barnehagar, skular og studiestader for våre unge, vil SV:**

- **auke grunnbemanninga i barnehagane, ha fleire tilsette i skulen og byggje eit sterkare lag rundt eleven**
- **at pengane skal gå til barna, ikkje til profit. All offentleg støtte og foreldrebetaling skal komme barna i barnehagen til gode**
- **innføre fleire opptak til barnehagen i løpet av barnehageåret**
- **gjere SFO gratis**
- **sikre gratis utdanning, gjennom å fullfinansiere utstyrsstipendet og auke bortebruarstipendet**
- **styrkje studiestøtta, slik at alle kan ta seg råd til å studere**
- **byggje 6000 studentbustader i året**

**Sosialistisk Venstreparti**

Møllergata 4, 0179 Oslo  
21 93 33 00  
post@sv.no  
sv.no

**Meld deg inn  
i SV her:**

